

Årsmelding jenter 2009, 2017/18 v. Ingunn E. Lien

I haust skilde sentrumsjentene og –gutane lag på grunn av treningsfasilitetane. Vi var etter kvart blitt så mange at det var uråd å trene samla i ein sal. Som kompensasjon for gutane fekk vi jentene frå Brandsøya, og no etter nyttår har vi i tillegg fått med oss jentene frå Torvmyrane. Jenter 2009 er ein flott gjeng på ca 30 spelarar som trenar i ein for liten sal i Florahallen kvar måndag. Laget har denne sesongen deltatt på turneringar i Askvoll, Høyanger, Gaular og Florø, til saman 5 turneringar. Vi har stilt med 4 (og etter kvart 5) lag på kvar turnering, og har i tillegg lånt ut spelarar til andre lag som har vore i mindretal. Jentene har vist god utvikling i ferdigheiter og speleforståing, og klarer seg godt blant laga dei har møtt.

Vi jobbar med å få jentene meir samansveisa på tvers av klassar og skular. Det er ein god tone i gruppa, samtidig som vi ser at det fort kan bli grupperingar. Maskoten vår, FLO, ein kjempesvær bamse som vi fekk av Coop Extra Florø, har bidratt til meir fellesskap blant jentene og gjort til at vi som lag/klubb er blitt meir lagt merke til på turneringane (vi har den STØRSTE bamsen, og han har sjølvsagt blå spelartrøye). Inn i mellom tenkjer vi alternative treningar kombinert med sosialisering, som t.d. «handballtrening» på skøyteisen i treningsvestar og med kakao på termosene som vi fekk til i mars. Planar for våren: Interturnering og fellestrening med gutane (2009), interturnering i Eikefjorden, treningar på beach-banene og elles ute i naturen når veret tillet det, «kosekveld» med relasjonsbygging.

Trenarar: Ingunn E. Lien og Jan Ravnstad. Fast medhjelpar i trenarteamet: Janne Hovden.
Foreldrekontakt: Anne-Grete Sagen.

Spelarar: Jenny, Erle, Rebecca, Frøya, Chamilla, Lina, Marte, Lilly, Andrine, Frida, Leah, Sophia, Tiril, Johanne, Lisa, Amalie, Lea Marie, Sara, Hanna, Sofia, Tuva, Ada, Nemi, Caroline, Julianne, Ella, Ninni



Foto: O. Hatlemark. Ikkje alle var tilstades under fotoseansen...